

VEDLEGG 2: OVERSIKT FRA KONTROLUTVALSBOKA OM ORGANISASJONSFORM OG LOVHJEMMELD FOR INNSYN OG KONTROLL (s. 58 -59)

Organisasjonsform og lovheimel	Type organ	Eigarar	Eigarorgan	Kontrollutvalet sine verktøy	Innsyn
Kommunalt føretak (kompl. kap. 9)	Forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenesteområde kan organiserast som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen.	Kommunen	Kommunestyret	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon.	Fullt innsyn jf. kompl. § 23-2.
Kommunalt oppgåvefellesskap (kompl. kap. 19) Interkommunalt politisk råd (kompl. kap. 20)	Forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit kommunalt oppgåve-fellesskap til å løyse felles oppgåver.	Kommunen	Kommunestyret	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon.	Fullt innsyn jf. kompl. § 23-6
Vertskommunesamarbeid (kompl. kap. 20)	Forvaltningsorgan. Ein kommune overlèt utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune.	Kommunen	Kommunestyret	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon.	Fullt innsyn jf. kompl. § 23-2 (gjeld vertskommunen).
Interkommunalt selskap (IKS) (IKS-lova)	Eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunar kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane.	Kommunen	Representantskap	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.	Fullt innsyn jf. kompl. § 23-6.

OVERSIKT FRA KONTROLUTVALSBOKA OM ORGANISASJONSFORM OG LOVHJEMMELD FOR INNSYN OG KONTROLL (s. 58 -59)

Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar (aksjelova)	Eige rettssubjekt.	Kommunen	Generalforsamling	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.	Fullt innsyn jf. koml. § 23-6.
AS – deleigd av kommunale aktørar (aksjelova)	Eige rettssubjekt.	Kommunen og private aktørar	Generalforsamling	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon og eigarskaps-kontroll etter samtykke om innsyn).	Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.
Samvirkeføretak (SA) (samvirkelova)	Eige rettssubjekt. Samvirkeføretaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.	Medlemmene	Årsmøte	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon og eigarskaps-kontroll etter samtykke om innsyn).	Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.
Stifting (stiftingslova)	Eige rettssubjekt. Med stifting blir det forstått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført til stiftinga.	Ingen, sjølv eigande	Styret	Ingen, dersom ikkje noko er avtala.	Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.